



Sommarsesongen er ikkje heilt over, men kultur-, turisme- og profileringsgruppa i Uskedalen Utvikling inviterer måndag 23. august kl. 19 til oppsummeringsmøte på Vertshuset.

Der vil mellom andre verten Morten Nilsen oppsummera sesongen og mellom anna koma inn på forbetringstiltak..

Velkome til møtet er særleg dei som driv overnatting og servering, lokale matprodusentar, båtlag og campingvertar, arrangørar, elveeigarlaget, butikkar og andre med handel i sentrum, dei som driv med bil og bensin, museum og turgruppa i idrettslaget.

Møte er ope for alle og det blir enkel servering.

Dei som får ordet bør gje ei stutt vurdering av drifta i sommar og gje uttrykk for kva vi bør førebu oss på og gjera betre neste år.

På biletet ei gruppe som nyleg har vore innom oss sjøvegen - frå Polen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)